

Sjølvmelding-trøbbel for uskedeling og andre

04.05.2009

Klokka 24 natt til torsdag i førre veka var ein viktig frist for dei mange som skulle levere sjølvmeldinga på papir, men leveringa var ikkje like enkel for alle, fortel ein uskedeling.

Då han kom til likningskontoret i Rådhuset i Rosendal rundt rekna ein time før fristen gjekk ut, var den store boksen for sjølvmeldingar som stod utanfor kontoret allereie fjerna!

- Ein annan som kom i same situasjon som meg stakk dokumenta inn under døra, men det gjorde ikkje eg. Eg tok dei med meg til Uskedalen att og sende dei i posten dagen etter. Eg vonar at eg ikkje får nokon 'baksmell' for å ikkje å ha levert innanfor fristen, seier uskedelingen.

Han undrar seg over dette tilfellet av ålvorleg service-svikt frå ein etat som gjerne skryt av å yta god service.

Av Ola Matti Mathisen